



Høgskulen på Vestlandet

Jobbnorge-ID: 234038
Søknadsfrist: 09.11.2022
Nettside: <http://www.hvl.no>
Omfang: Heiltid
Varighet: Prosjekt

Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 17 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap og maritime studier, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Avdeling for organisasjonsutvikling og digitalisering er plassert organisasjonsdirektøren si linje.

Eininga har i dag om lag 50 tilsette, med IT som det klart største tenesteområdet. I tillegg har vi ansvar for organisasjonsutvikling, leiarutvikling og dokumentforvaltning. Vi skal både hjelpe fageiningane direkte, og indirekte via utvikling av effektive administrative arbeidsformer. Sentralt i dette står arbeidet med å utvikle digitale løysingar knytt til alle våre oppgåver. Omstillingsarbeid er også i stor grad organisasjonskulturarbeid. Eininga har dette som særleg fagleg ansvar, og driv omfattande utvikling av leiarar og leiing.

Prosjektleiar UH SAK

Høgskulen på Vestlandet (HVL), Avdeling for organisasjonsutvikling og digitalisering, har ledig mellombels stilling som prosjektleiar for UH SAK

Stillinga som prosjektleiar er ledig for tilsetjing frå 1. januar 2023 og har ei varighet på 2 år.

Stillinga kan ha arbeidsstad ved eitt av høgskulen sine fem campus - Haugesund, Stord, Førde, Sogndal eller Bergen.

Om stillinga

HVL skal ta i bruk eit nytt system for sakshandsaming frå 2024. Dette representerer eit teknisk og organisatorisk skifte som har innverknad på all sakshandsaming. Sjølv systemutviklinga skjer i eit sektorsamarbeid, medan mottak og bruk er eit institusjonelt ansvar. Sakshandsamingsløysinga skal gjere automatisk arkivering mogeleg. Vår noverande arkivteneste vil vere aktiv prosjektdeltakar, og ivareta det arkivfagelege arbeidet knytt til det samla UH SAK-prosjektet.

Teknisk integrasjon vert ivareteke av faggruppe for system på IT-avdelinga. Organisatorisk integrasjon og naudsynt opplæring må koordinerast. Dette er ei stor og krevjande fagleg oppgåve, truleg det største administrative organisasjonsutviklingsprosjektet i HVL dette tiåret. Til å drive dette arbeidet framover, både gjennom nasjonalt samarbeid med tilsvarande roller i andre UH-einingar, tett samarbeid med andre endringsprosjekt, og med superbrukarar i alle administrative einingar, søker vi prosjektleiar. Prosjektleiar vil inngå i det faglege organisasjonsutviklingsmiljøet, og rapportere til leiar for dette.

Ansvars- og arbeidsoppgåver:

Prosjektleiar skal:

- Ta del i nasjonalt prosjektfellesskap
- Etablere og drive intern prosjektorganisasjon
- Ivareta dialog med intern informasjonsforvaltningseining
- Koordinere prosjektaktivitetar
- Sikre framdrift
- Informere styringslinja om ressursbehov og prosjektstatus

Kvalifikasjonskrav:

Formell utdanning og kompetanse:

- Mastergrad eller tilsvarande på relevant fagområde
- Prosjekterfaring frå større prosjekt
- God kjennskap til sakshandsamingsprosessar i UH-sektoren
- God kjennskap til prosessorientert tenestedesign
- God kjennskap til digitalisering som endringsdrivar

Personlege eigenskapar:

- Strukturert, effektiv
- Positiv kommunikasjonsform
- Inkluderande arbeidsstil
- God skriftleg og munnleg

Vi tilbyr:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Høve for trening i arbeidstida

Stillinga er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1113 - Prosjektleiar

Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Det er søkjar sitt ansvar å sørkje for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, som attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskriftar eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetjingar. Dersom vedlegga overskrid 50 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggjast ved som lenkje.

Søknadar kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskulen.

Generell informasjon:

Vi gjer merksam på at unntak frå den offentlege søkjarlista blir handsama etter reglane i Offentleglova. Søkjarar som har bede om slikt unntak, blir varsla dersom ønskje ikkje vert teke til følgje.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hol i CV.

Kontaktpersonar ved Høgskulen på Vestlandet er:

Wiggo Hustad, avdelingsleiar

e-post: Wiggo.Hustad@hvl.no / tlf. 57 67 61 65

Anne Cathrine Nyberg, seniorkonsulent

anne.cathrine.nyberg@hvl.no / tlf. 55 58 77 44

Samspel, berekraft og nyskaping

Samspel, berekraft og nyskaping skal kjenneteikne alt vi gjer.

Vi skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil.

[Les meir på våre heimesider.](#)

Video: https://www.youtube.com/watch?v=z-Py_In-Eyg&feature=youtu.be

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Haugesund, Stord, Bergen, Sogndal eller Førde 6856 Sogndal (Sogndal Kommune)